



Møre og Romsdal
fylkeskommune
Volda vidaregåande skule

Juli 2017

INFORMASJON OM FAGET TOPPIDRETT PÅ STUDIESPESIALISERING 2017/2018

Volda vgs vil også hausten 2017 tilby faget toppidrett som eit programfag på Vg1 Studiespesialisering. Faget er på 5 timar, og kjem i tillegg til dei 30 timane elevane vanlegvis har på STUSP1. Elevar som vel faget skal difor ha 35 timar pr. veke heile skuleåret.

Læreplanen for faget ligg på www.udir.no og på www.vilbli.no. Initiativet til opprettinga av faget kom frå handball- og fotballmiljøa i Volda og Ørsta, men vi har opna for ei breiare rekruttering til toppidrettsfaget, slik at elevar som har spesialisert seg i andre idrettar kan søkje, utan at vi kan love at vi får det til for fleire/alle.

Elevane vil bli tatt inn gjennom ordinært inntak for Møre og Romsdal fylkeskommune, og må difor søke skulen om å få ta faget etter at inntaket er gjort. Fyll difor ut skjemaet som ligg på heimesidene våre **innan 28. juli 2017**.